


# Årsplan for Skånevik barnehage

## Barnehageåret 2024 - 2025



*Steg for steg*  
*Visjon for oppvekst i Etne kommune*




# Skånevik barnehage

## Litt om barnehagen:

- Barnehagens pedagogiske plattform er «Være Sammen». Det viktige her er den autoritative vaksne, som betyr at dei vaksne i vår barnehage skal vera varme i sin måte å byggja relasjoner til borna på. Samtidig er det viktig med tydelege krav og grenser.

Verdiane til Etne kommune trygg, raus og engasjert skal gjenspeile jobben me gjere i barnehagen. At me er ein Løvebarnehage og har «Være Saman» som vår pedagogiske plattformsamsvarer godt med Etne kommune sine verdiar. Me velgje å sjå verdiane i samanheng med tre av de viktige faktorane i «Være Saman»

- Den autoritative vaksenrolla
- Relasjonsbygging
- Organisasjonsbygging



- Rammene for å driva barnehage

Barnehagens formål og innhold er fastsett gjennom [Barnehagelova og Rammeplan\(udir.no\)](#)

Årsplanen inneholder ein oversikt over korleis vår barnehage skal jobba det kommande året. Årsplanen skal visa korleis me jobbar med omsorg, leik, danning og læring.


Årsplanen skal og synleggjera korleis me vil vurdera det pedagogiske arbeid. Dette har me valt å gjera gjennom eigne verdimål for kvar månad. Verdimåla byggjer på kvarandre, slik at me ser ein prosesjon gjennom året. Tema som me har i prosjektperiodane jobbast det ulik med, avhengig av borna sin alder og modning

Vurdering av vårt pedagogiske arbeid skjer blant ann ved praksisforteljingar, pedagogisk dokumentasjon, samtaler med barna, refleksjon av vår praksis, i ulike møte og årlege foreldreundersøking.

Verdimåla er laga med utgangspunkt i fire område: Identitet og sjølvkjensle, val, kjensle og sosialkompetanse. I tillegg til rammeplanen har me kvalitetsplanen for Etne kommune «Steg for steg», og «plan for trygt og godt barnehagemiljø» som utgangspunkt for arbeidet vårt i barnehagen.

Etter forvaltningslova § 13 har barnehagen teieplikt. Teieplikta gjeld og etter at tilsette har avslutta sitt arbeid i barnehagen.

# Grenser og forventningar = God barndom



## Skånevik barnehage

### Organisering av barnehagen

Smørbukk: 0 – 3 år

Stor avdeling: 3 – 6 år

Stor avdeling er fordelt på to rom, Rødhette og Askeladden.

### Fordeling av pedagogisk ansvar:

Smørbukk - (0-3 år) – Siri Karstensen

Stor avdeling (3-4 år) – Vivi Ann Elde

Førskulegruppa (5-6 år)– Laila Sævareid

### • Dagsrytme

- 07:00 Barnehagen opnar
- 07.15 – 08.30 Frukost på Rødhette
- 07.30 – 08.30 Frukost på Smørbukk
- 09.00 – 10.30 Organisering av grupper
- 10.45 Samlingsstund
- 11..00 Lunsj
- 11.30 – 14.00 Sovetid/utetid
- 14.00 Frukt
- 14.30 Frileik inne eller ute
- 16.30 Barnehagen stengjer

### Kontaktinformasjon:

Tlf. 537 58 270/53 758 522

Mob. 979 80 115

Adr: Barnehagevegen 24, 5593 Skånevik

Mail: [torhild.molland@etne.kommune.no](mailto:torhild.molland@etne.kommune.no)

*Smørbukk: 537 58 275, mob. 915 64 049*

*Stor avdeling: tlf. 537 58 273/ 8274, mob. 911 41 463*

## Tilknyting og relasjonsbygging

### Tilvenning

«*Barnehagen skal aktivt leggja til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barn og personalet og mellom barna, som grunnlag for trivsel, glede og meistring»*(Rammeplan 2017)

Når borna startar i Skånevik barnehage vil me i tett samarbeid med føresette leggja til rette for ein trygg og god start. Me ønsker å nytta føresette sin kunnskap om barnet, for at barnet skal bli møtt med sine behov og interesser. Me inviterer til oppstartsamtale før barnehagestart for at me skal vera best mogleg førebudde, og få utveksla viktig informasjon.

For at barnet skal trivast og utvikla seg i barnehagen er det ein forutsetning at relasjonane barnet inngår i er prega av trygg tilknyting. Relasjonar gjer at me føler oss sett, skapar fellesskap og at ein kjenner at barnehagen er ein stad ein høyrer til. Frå me er små sokjer me å høyra til hjå dei som ser våre psykologiske behov, som trøystar oss når me gret, som høyrer på oss når me er sinte, som tilbyr eit fang der ein kan vera trygg. Alle me i skånevik barnehagen skal vera slike vaksne for barna. ein base som barna kan returnera til for å oppleva tryggleik, få trøyst og nærliek. For å skapa tryggleik for barna i oppstarten nytta me primærkontakt i starten. Primærkontakten har i den fyrste tida spesielt ansvar for å bli kjent med barnet og føresette, før det byggast relasjonar og ein trygg tilknyting til resten av personalet.

### Overgangar i barnehagen.

- Når eit barn byter frå liten til stor avdeling har me fokus på at barna får tid til å bli kjent i barnehagen. Me har som mål at barna skal ha ein kjent voksen med seg over til ny gruppe. Frå midten av mai og ut juni legge me til rette for at borna som skal frå liten avdeling til stor avdeling kommande haust er på besök. Gjennom heile barnehageåret har me fellestid på tvers av gruppene. Stor og liten avdeling er saman både morgen og ettermiddag, dette bidrar til at barna kjenner til dei vaksne, og er kjent med alle romma me har i barnehagens. I tillegg har me aktivitetsgrupper og fellessamlingar, då er både stor og liten avdeling saman. Dette for å styrka kjensla av å høyra til i eit fellesskap som er utanfor di eiga aldersgruppe.

### Overgang barnehage skule

«*Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skule leggja til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt skulefritidsordninga.»*(Rammeplan 2017:33)

I Etne kommune sin kvalitetsplan steg for steg blir det understreka at det er viktig med eit tett og godt samarbeid mellom barnehage og skule. Dette omhandlar tidleg innsats for alle barn og leggja til rette for ei god start for den enkelte på skulen.

Barnehagane og skulane i Etne kommune følgjer plan for overgang barnehage skule. Skånevik barnehage og skule har utarbeida ein lokal plan.

# Viktige tema som me jobbar med

## Leik

Leiken borna sin måte å uttrykkje seg på. Gjennom leiken kan barna bearbeida ting, læra språk, øva på ulike dugleikar, auka det medmenneskeleg og læra samarbeid.

Den barnestyrt leiken har ein sentral rolle i Skånevik barnehage. Me legg til rette for frileik kvar dag. Leiken er viktig i danninga og sentral i læringsprosessen. Me ynskjer å vera nærverande og deltakande i leiken, koma med idear og støtta borna i relasjonane til kvarandre.

## Kropp, kjensle og seksualitet

Me ynskjer at alle borna i barnehagen skal få eit godt forhold til seg sjølve, sin eigen kropp og sine følelsar. Gjennom Stine Sofie stiftinga har Etne kommune auka kompetansen innan dette tema. I frå hausten 2022 vil temaet kropp, følelsar og seksualitet vera fast tema kvar månad. Ved å arbeida på denne måten ynskjer me å førebyggja, hjelpe barna til å bli trygge på sin eigen seksualitet, og motstandsdyktige mot overskridande åtferd frå andre.

## Mobbing og utestenging

Januar 2021 fekk barnehagane eit nytt regelverk for barnehagemiljø. Den nya lova skal sørge for at alle barn får ein trygg og god barnehagekvardag. Lova inneberer blant anna at barnehagen har eit ansvar for å følgja med på korleis alle barna har det. Alle tilsette har ei plikt til å melde frå til styrar når dei ser at eit barn ikkje har det bra eller mistenkjer om eit barn ikkje har det trygt og godt. Barnehagen må undersøkja og setja inn tiltak dersom eit barn ikkje har det bra, og det skal lagast ein skriftleg plan for oppfølging av barnet.

## Inkluderande praksis

Inkludere inneberer at alle høyre til og tar del i læringsfellesskapet i barnehagen. Alle menneske treng å vera ein del av eit fellesskap. Å høyra til sosialt er ei viktig ramme for læring og utvikling. Det er viktig at barnehagen leggje til rette for aktivitetar som fremjar tilhørighet og sosialt fellesskap. Måten Skånevik barnehage er organisert skal bidra til å fremje ein inkluderande praksis gjennom å jobbe i smågrupper.

# Satsingsområde og tema-arbeid for barnehageåret 2024 - 25

## Språkutvikling er viktig for oss i Skånevikbarnehage

- Språkutvikling vil alltid vera ei satsing i vår barnehage, uansett kva aktivitetar me har, så er språk ein sentral del av aktiviteten.
- Viktig for oss at me har god kvalitet på språkarbeidet
- Me nyttar TRAS i arbeidet med systematisk språkarbeid
- Rambøls digitale verktøy for vurdering og utvikling av barnehagens kvalitet i arbeidet med språkutvikling – «Hjernen&Hjerte»
- Sikra eit likeverdig tilbod til alle borna i barnehagen vår

## Korleis

- Nyttar teikn til tale på småbarnsavdeling
- Nyttar Bablarane som eit verktøy for tidleg språkutvikling
- Me ynsker at barna skal få møta både kjente og nye songar
- Me nyttar TRAS som verktøy for å sikra borna eit godt språkmiljø
- Me les for barna kvar dag, enten ein til ein, eller fleire saman for eksempel i samling
- I tillegg jobbar me med rim og regler, bevegelse etter musikk og fortel eventyr som ein viktig del av språkutvikling og kulturformidling
- Legg vekt på samtalen rundt bordet
- Nyttar dagstavle for å skapa oversikt for borna



# Fokus på lesegled

- Å bli lest for fremjar språkutvikling i tillegg skaper det nærliek mellom sei vaksne og borna.
- Lesing gir eit godt leikemiljø
- Lesing er viktig i høve til å utvikle omgrep.
- Born lærar ord ved å høyrer ord

## Korleis

- Lage faste gode lesestunder
- Tilgang på bøker
- Involvere borna aktivt i høgtlesinga
- Nyttar digitale verktøy
- Lage spennande leseprosjekt



# Dette kjenner til en god lesestund



1. **La barna delta og se barnas kroppslike uttrykk.** De yngste uttrykker seg gjennom kropp, ansikt og gester. Ansiktet viser om de følger med, om de vil videre eller er opptatt av et bilde. Vær våken og responder på barnas uttrykk.



3. **Ta med barnas assosiasjoner.** Lytt til barna og ikke avvis det barna sier, selv om du ikke forstår sammenhengen. Leser du boka Trekant og et barn sier Kaptein Sabeltann, kan det være fordi trekanten minner om hatten hans. Et annet barn sier ku, fordi trekanten kan minne om ansiktet til ei ku. Da kan du si: «Synes du det ligner på ei ku?»



2. **Skap felles oppmerksomhet mot det du leser.**  
**Fremhev noe i teksten:** Se, hva han gjør? Neimen, såla han med koppen? Still spørsmål som forsterker teksten: Hvor har hunden gjemt seg? Skap sammenheng mellom det barnet gjør og boka: Ramlet du nå, det gjorde han også?

4. **Vær bevisst på hva du leser.** Det finnes flere komplekse bøker for de minste som gir barna andre erfaringer med litteratur enn pekebøker. Tilby de minste barna varierte bøker med mulighet for identifikasjon. På en regnværsla dag kan dere lese Regnværsladen av Max Esters – en ordløs bok om vannets kretslopp. Det kan du koble til at barn liker å hoppe i sølepytter og at det regner ute.



5. **Knytt bøkene og leken sammen.** Ha en bok i en skoesske sammen med gjenstander knyttet til det du leser. La barna ta av lokket. Inni er boka Trekant, noen firkantede gulvfliser, trekanner av kartong og piperensere som ser ut som slanger. Barn kan gå fra boka og esken og leke med gjenstandene. De kommer tilbake for å høre mer og du responderer på det barna leker og lar dem styre utgangen av historien.

# Prosjekt periodar dette barnehageåret

## Felles for prosjektperiodane

Me har valt og dela barnehageåret opp etter temamål. Det er fem slike periodar: ein periode frå august til september, neste frå oktober til november, så er det ein for desember, ein frå januar til februar og mars og april, og til slutt mai og juni.

I alle periodane nyttar me uteliv og borna og medverknad som metode for å styrkja samhaldet og fellesskapet i barnehagen. Me ønskjer å nytta naturen som me har i nærmiljøet vårt.


Me trur at felles opplevingar ute, enten i skog eller ved sjøen vil gje oppleving av å høyra til. Borna skal ha innflytelse på, og vera aktiv deltagande i kvardagen.

## Skapa tryggleik (august og september)

I starten av barnehageåret er det tilvenning, gruppefellesskap som er hovudfokus vårt. Me ønskjer at barna skal bli godt kjent med barnehagen, dei tilsette og barnegruppa. Det er viktig for oss at barn, og føresette blir trygge og får ein god start på året. Dette kan me oppnå ved å jobba med å skapa ein trygg tilknyting og gode relasjonar.

## Meistring og glede (oktober og november)

Det er haust og me vil ha fokus kva som skjer i naturen. Me vil vera opptatt av aktivitetar som kan utfordre oss til å prøva noko nytt. Nokon kan for eksempel springa fort, nokon andre kan klatra høgt og nokon er god på balanse. Me kan støtta og oppmuntre kvarandre til å prøva ut nye ting, det kan og vera litt skummelt.



Arbeidet med grenser og forventningar vil gå igjen i alle prosjekt periodane.

# Prosjekt periodar dette barnehageåret

## Nestekjærleik (desember)

I desember er førjulstida sentral. Me har fokus på å roa ned tempoet, vera hjelsam, visa godheit, dela med kvarandre og kjenna glede ved å glede andre. Me vil i denne perioden vera opptatt av song og musikk som stemningsskapande, me syng julesongar for å skapa glede for oss sjølve og andre

## Undring og nytt liv (mars og april)

Det er vår og me vil ha fokus på nytt liv. Me vil saman med borna undra oss over det som skjer i naturen om våren.

I denne perioden ønskje me at borna skal oppleve glede og meistring i naturen, og utforska den saman. Me lyttar etter lydar i naturen, utforska nytt liv, og sår planter. Me vil og knyta dette til påsken, og korleis me markera denne tida i barnehagen.

## Gruppetilhørigheit og vennskap (januar, februar)

Me ynskje at borna skal oppleve at deira initiativ og innspel blir høyrt, og oppleva at dei er verdifulle medlemmer av gruppa.

Det er viktig at me støttar, lyttar til og tar omsyn til kvarandre.

I denne perioden vil me vera opptatt av relasjonar og vennskap, innhaldet i Løvelova vil stå sentralt.

Me skal både markere at sola kjem attende, samedagen, men den store hendinga i februar er den årlege Løvefesten.



## Oppleveling og skaparglede, medverknad (Mai og juni)

I denne perioden står 17. mai og forsumar sentralt i barnehagen.

Me ynskjer å skapa gode opplevelingar ute. Der me legg til rette for kreativ skaparglede både ute inne.

I denne perioden skal borna få kjennskap til 17. mai tradisjonar, song og formingsaktivitetar, 17. mai tog og leikar som høyre til på 17. mai.

Kan du løveloven?

Eg skal vara meg,  
men gje plass til andre, slik at dei blir seg,  
bry meg om ein anna, hjelpe når eg kan.  
Slik blir livet betre for barn i alle land!

# Etne, ein trafikksikker kommune!

Det er viktig for Etne kommune at alle barn, unge og vaksne ferdast trygt i trafikken. Ha ei god framferd i trafikken og ha omsut for andre som er ute i same ærend.

Trafikk i barnehagen er eit spennande tema som passar inn i kvardagen. Borna opplever trafikk når dei er ute på tur, kvar gong dei drar til og frå barnehagen, dei erfara trafikk gjennom leik og observasjon av kva dei vaksne gjer.

Borna er impulsive. Dei har lett å gløyma at dei er ferd med å krysse vegen viss dei oppdagar noko spennande. Før 7. årsalderen er borna si tenking konkret og bunde til det som skjer her og nå. Dei er opptatt av situasjonen i augneblinken.

Dette gjer me:

- Refleksvestar når me ferdast i trafikken
- Tema på foreldremøte
- Sjå oss til alle kantar før me kryssar vegen
- Trafikkskilt og trafikklys i sykkelbanen
- Nyttar materiale frå Trygg trafikk
- [Tips og råd på e-post - Trygg Trafikk](#)





# August



## Temamål: Skapa tryggleik

### Me jobbar med å gje borna oversikt og tryggleik

Me har fokus på å bli kjent med kvarandre og barnehagen.

- Borna skal få ein god start på barnehageåret.

#### Korleis

- Alle born på Smørbukk får primærkontakt
- Me innarbeida gode og tydelege rutinar og rammer for alle
- Me har samlingsstund og syng namnesongar
- Me gjer born faste plassar ved lunsjmåltidet
- Me nyttar dagstavle med bilete for å gje borna oversikt over dagen sin med biletstøtte.

#### **Verdimål:**

### Identitet og sjølvkjensle

- Me ønskje at borna skal oppleve tryggleik og at dei høyrer til i barnehagen.

#### Korleis

- Foreldra sender bilete til barnehagen som me kan laga familieplakat
- Me skapar felles opplevingar gjennom bruk av song og rørsle.

#### Kjensle

- Me ønskje at borna skal få gode og trygge relasjonar til dei vaksne

#### Korleis

- Me ser og bekrefta barnet
- Me gir omsorg og nærliek
- Varme grensesettande vaksne

### Sosial kompetanse

- Me ønskjer at borna skal oppleve at dei høyrer til i gruppa

#### Korleis

- Me seier «God morgen» når me kjem og «Ha det « når me går
- Me har felles samlingsstund
- Me et lunsj saman
- Me leiker saman
- Me har felles songleikar/ rørslesongar



# August



Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
5	2	3	4	5
12	13 Planleggingsdag Barnehagen er stengt!	14 Planleggingsdag Barnehage er stengt!	15 Velkommen til nytt barnehageår	16
19	20	21	22 Su - møte	23
26	27	28 Foreldremøte	29	30



# September



## Temamål: Skapa tryggleik

Me har fokus på tilknyting, relasjonar, song og fellesopplevingar

- Borna skal bli kjent med kvarandre, barnegruppa og dei vaksne.

### Korleis

- Me har samlingsstund og syng namnesongar
- Me har fokus på rutinar og gjentaking
- Me har lesestund
- Me nyttar familieplakatar
- Syng rørsle-songar
- Me utforskar nærmiljøet rundt barnehagen.

### Verdimål:

#### Identitet og sjølvkjensle

- Me ønskjer at borna skal oppleve tryggleik og at dei høyre til i barnehagen

### Korleis

- Me snakkar med borna om familien deira
- Me er merksam på borna sine behov og initiativ. Ved å ha samtaler i smågrupper ønskje me å ta borna sine initiativ og behov på alvor

- Me ønskjer at borna skal oppleve glede av å vera saman med andre born

### Korleis

- Me hjelper borna å setja ord på det som skjer
- Me har fokus på å skapa felles opplevingar og aktivitetar
- Me har fokus på å gje og ta tur

#### Sosial kompetanse

- Me ynskje at borna skal oppleve at dei hører til i gruppa

### Korleis

- Me har fokus på å skapa gode opplevingar som kan vera til inspirasjon til leik
- Me har fokus på korleis me skal vera mot kvarandre
- Me har leikegrupper og leik med språk
- Me øver på å svara når nokon snakkar til oss



# September



Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
2	3	4	6	6
9	10	11	12	13
Gruppetid frå kl. 09.30				
16	17	18	19	20
Gruppetid frå kl. 09.30				
23	24	25	26	27
Brannvernveke	Brannvernveke	Brannvernveke	Brannvernveke	Brannvernveke
Gruppetid frå kl. 09.30				Felles samling Kl. 09.30
30	1	2	3	4
Brannvernveke	Brannvernveke	Brannvernveke	Brannvernveke	Brannvernveke
Gruppetid frå kl. 09.30				

## Tema denne månaden

- «Kroppen min»
- Sosialkompetanse – me øve oss på å svara når me blir spurta og snakka til.
- Seier god morgen når me kjem, og når metakk for i dagen ved dagens slutt.
- Song og regler som er knytt til månadens tema



# Oktober



## Temamål: Meistring og glede

Alle borna skal få oppleva å kjenne på meistring og glede over å vera ein del av fellesskapet

Me har fokus på felles opplevingar i det daglege

### Korleis

- Me utforskar små og store ting i kvardagen
- Me lærer songar og rim om haust
- Me snakkar om kva som kan gjera andre glade

### **Verdimål**

#### Identitet og sjølvkjensle

Me ynskje at borna skal kjenna at dei kan bidra og vera nyttig i fellesskapet

### Korleis

- Me inkluderer borna i praktiske oppgåver
- Me set ord på borna si evne til å hjelpe.

### Kjensler

Me vil at borna skal oppleve glede over å vera ute- uansett ver  
Korleis

- Me legg til rette for gode ute-opplevingar med utgangspunkt i borna sine føresetnadar og interesser, og nyttar naturens mangfold
- Me viser glede over å vera ute
- Me snakkar med borna om val og konsekvensar av vala me tar
- Me framhevar dei vala borna tar som har ein positiv påverknad på omgjevnaden

### Sosial kompetanse

Me ønskjer at borna skal hjelpe, og ta omsyn til kvarandre i kvardagen

### Korleis

- Me oppmuntrar borna til å støtta kvarandre, og gjennom samtale hjelper me dei å setta ord på kjensler
- Me hjelper borna å forstå og godta at andre har ulike meininger
- Me øver på å sei «JA» når nokon ber om hjelp

Sjekk at barnet  
ditt har  
nødvendig  
klede i skapet  
sitt!



# Oktober

Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
7	8	9	10	11
Gruppedag for stor avdeling	Gruppedag for stor og liten avdeling		Gruppedag for stor avdeling	
14	15	16	17	18
Gruppedag for stor avdeling	Gruppedag for stor og liten avdeling		Haustfest 13.30 til 15.30	
21	22	23	24	25
Gruppedag for stor avdeling	Gruppedag for stor og lite avdeling		Gruppedag for stor avdeling	
28	29	30	21	1
Gruppedag for stor avdeling	Gruppedag for stor og liten avdeling		Gruppedag for stor avdeling	Fellessamling



Haustfest for foreldre og søsknen.

Det blir servert haustsuppe **frå kl. 13.30 til 15.30**.

Prosjektpersonen: lære seg betegnelse på ulike klede. Rim og regler er ein del av fokusområdet innan språk.

I tillegg står haust sentralt både i oktober og november.

Innafor sosialkompetanse, øve me på å ta omsyn og hjelpa kvarandre

Nb! Der er få som har levert inn bilet til familieveggen



# November



## Temamål: Meistring og glede

Alle borna skal få oppleva å kjenne på meistring og glede over å vera ein del av fellesskapet

### Korleis

- Me går på tur
- Me finn naturmateriale som me nyttar til utgangspunkt for leik og samtale
- Me har samling om kropp og følelsar

### **Verdimål**

#### Identitet og sjølvkjensle

Me ønskje at borna skal kjenna på eigne grenser og meistring

### Korleis

- Me snakkar om kva dei vågar og kvifor noko er skummelt
- Me snakkar om det borna allereie gjer og kan

### Kjensler

Me ønskjer at borna skal føla glede over eigen meistring og oppmoda barnet til å gjera nye ting

### Korleis

- Me støttar barnet i å gjera nye ting
- Me gjer borna oversikta dei treng for å ta eit val

### Sosial kompetanse

Me ynskje at borna utvikla ei forståing for at me er ulike

### Korleis

Me har fokus på mangfold og ulikheiter i eigen barnehage/eige samfunn

Me øver på å ta eigne val, og setja grenser for seg sjølv



# November



Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
4 Gruppedag for stor avdeling	5 Gruppedag for stor og liten avdeling	6	7 Gruppedag for stor avdeling	8
11 Gruppedag for stor avdeling	12 Gruppedag for stor og liten avdeling	13	14 Gruppedag for stor avdeling	15
18 Planleggingsdag – bhg stengt	19 Gruppedag for stor og liten avdeling	20	21 Gruppedag for stor avdeling	22
25 Gruppedag for stor avdeling	26 Gruppedag for stor og liten avdeling	27	28 Gruppedag for stor avdeling	29 Fellessamling



# Desember

## «omtanke for andre»

### Temamål: Nestekjærleik



Me har fokus på å vera gode med kvarandre og hjelpa kvarandre.

Me har fokus på førjulsaktivitetar, vennskap og nestekjærleik.

#### Korleis

- Me syng julesongar og lyttar til julemusikk
- Me har hjartesamlingar med dei eldste, der me øver på å gje og motta positive tilbakemeldingar.
- Me snakkar om kva det betyr å vera venner
- Me er rause med kvarandre
- Dei eldste barna besøke sjukeheimen

#### Verdimål

##### Identitet og sjølvkjensle

Me ynskje at borna skal sjå seg sjølve som eit verdifullt medlem av fellesskapet.

#### Korleis

- Me set ord på borna sine gode handlingar mot kvarandre
- Me har fokus på å skapa felles opplevingar kor alle borna oppleve å vera inkludert.

#### Kjensler

- Me ønskjer at borna skal oppleve førjulstida som ein stemningsfull og koseleg tid

#### Korleis

- Me legg til rette for fine augneblikk i samling med song, lys og høgtlesing
- Me har fokus på glede av å vera saman
- Me set ord på og bekreftar barnas intensionar, handlingar og følelsar

#### Sosialkompetanse

Me vil at borna skal vera høflege mot kvarandre

#### Korleis

- Filosofiske samtaler rundt eigne grenser, høfleg framferd, å vera ærleg og omsyn til eigne eller andre sine følelsar
- Me øver på å sei «Takk» i ulike situasjonar



# Desember



Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
2 Gruppedag for stor avdeling	3 Gruppedag for stor og liten avdeling	4	5 Gruppedag for stor avdeling	6 Nissefest
9 Gruppedag for stor avdeling	10 Gruppedag for stor og liten avdeling	11	12 <b>NB! Frist for innlevering av fri i romjula.</b>	13 Lucia- frukost
16 Gruppedag for stor og liten avdeling	17 Julebord for førskulegruppa	18 Gruppedag for stor og liten avdeling	19 Gruppedag for stor og liten avdeling	20 Gruppedag for stor og liten avdeling
23	24 Julafoten – bhg. stengt	25 1. juledag Barnehagen stengt!	26 2. Juledag Barnehagen stengt!	27
30	31 Nyttårsaften – bhg stengt	1. nyttårsdag	2	3



# Januar



## Temamål: Være saman

### Løvelova: eg skal vera meg, men gi plass til andre slik at dei blir seg

Me har fokus på mangfold og fellesskap gjennom fellesopplevelingar med song, rim og regler og eventyr

#### Korleis

- Me har samtaler om vennskap og mangfold
- Me har songsamlingar der me syng vintersongar
- Me har fokus på rim og regler
- Me har samling om kropp og følelsar

### Verdimål

#### Identitet og sjølvkjensle

- Me ønskjer at borna skal oppleve å vera eit verdifullt medlem av gruppa

#### Korleis

- Me syng namnesong i samlingsstund
- Me framhevar borna sine initiativ og innspel

### Kjensler

Me ønskjer at borna skal oppleve å bli tatt imot på ein god måte

#### Korleis

- Me bekreftar med ord og kroppsspråk at me ser og hører det enkelte born.
- Me set ord på kjenslene borna uttrykker i møte med kvarandre.
- Me lyttar til borna

### Sosial kompetanse

Me ønskjer at borna skal ta omsyn til kvarandre i leiken og i kvardagssituasjonar

#### Korleis

- Me støttar borna i å lytte til andre sine initiativ
- Me hjelper borna i forhandling
- Me øver på å venta på tur når andre snakkar



# Januar



Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
6	7	8	9	10
13	14 Gruppedag for stor avdeling	15	16 Gruppedag for stor avdeling	17
20	21 Gruppedag for stor avdeling	22	23 Gruppedag for stor avdeling	24 Fellessamling
27	28 Gruppedag for stor avdeling	29	30 Gruppedag for stor avdeling	31 Planleggingsdag for barnehagen! Barnehagen er stengt



# Februar



## Temamål: Være saman

Løvelova: eg skal vera meg, men gi plass til andre slik at dei blir seg

Me har fokus på song, musikk og forteljingar frå «Være saman»

- Me lærer «Løvelova»
- Me har dialog om mangfold og vennskap
- Me har løvefest
- Me markera samanes nasjonaldag, tilpassar opplegget alder

### Verdimål

**Identitet og sjølvkjensle**

Me ønskjer at borna skal akseptera kvarandre for den dei er

### Korleis

- Me set ord på borna sine ulike kvalitetar for dei andre
- Me snakkar om dei borna som ikkje er tilstades i barnehagen

### Kjensler

Me hjelper borna å regulera kjensler

### Korleis

- Me set ord på og stadfestar bornas kjensle
- Me set ord på borna sine handlingar og intensjonar
- me lærer borna verktøy for å løysa konflikter t.d. 5- punkt regelen

### Sosial kompetanse

Me ønskjer at borna skal øva på samarbeid

### Korleis

- Me støttar borna i å lytta til andre sine initiativ
- Me hjelper borna i forhandling
- Øva på å kunne sjå forskjell på kva som er viljestyrt og ikkje



# Februar



Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
3	4	5	6 Gruppedag for stor avdeling	7
10 Gruppedag for stor avdeling	11 Gruppedag for stor og liten avdeling	12 Open dag for nye søkerar	13	14 Søknadsfrist endringar: <b>15. februar</b> <a href="#">Søk barnehageplass - Etne kommune</a>
17 Gruppedag for stor avdeling <b>SU/FAU møte</b>	18 Gruppedag for stor og liten avdeling	19	20	21
24 Gruppedag for stor avdeling	25 Gruppedag for stor og liten avdeling	26	27 Løvefest 	28



# Mars



## Temamål: Undring og nytt liv

Me har fokus på nysgjerrighet, refleksjon og filosofi til å undre seg over det som skjer i naturen om våren.

### Korleis

- Me syng songar med vår – og påsketema
- Me har påskesamling
- Me har brannvernveke
- Me utforskar naturen saman

### **Verdimål**

#### **Identitet og sjølvkjensle**

Me ønskjer at borna skal oppleve at dei er gode nok akkurat slik dei er

### Korleis

- Me er merksemd på borna sine initiativ, behov og fokus
- me hjelper borna å skilja mellom sak og person

### **Kjensler**

Me vil hjelpe borna å sjå andre sine kjensler

### Korleis

Me set ord på og stadfestar borna sine kjensler overfor kvarandre

Me set ord på borna sine handlingar og konsekvensar av desse

### **Sosial kompetanse**

Me ønskjer at borna skal snakka høfleg til kvarandre

### Korleis

- Me hjelper borna å bli bevisst på korleis me snakkar til kvarandre
- Me øve på å sei fine ting til kvarandre



# Mars



Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
3	4	5	6	7
10	11 Gruppedag for stor og liten avdeling	12	13 Foreldremøte	14
17 Gruppedag for stor avdeling	18 Gruppedag for stor og liten avdeling	19	20 Gruppedag for stor avdeling	21 # rockesokk – gå med ulike på verdensdagen for Downs syndrom
24 Gruppedag for stor avdeling	25	26	27	28 Fellesamling



# April



## Temamål: Undring og nytt liv

Me har fokus på nysgjerrighet, refleksjon og filosofi til å undra seg over det som skjer i naturen om våren

### Korleis

- Me syng vårsongar
- Me har natursti

### **Verdimål**

#### Identitet og sjølvkjensle

Me ønskjer at borna skal læra å ta vare på miljøet

### Korleis

- Borna deltar aktiv med å kjeldesortera
- Gjenbruk
- Leik med naturmateriale

### Kjensler

Me vil at borna skal oppleva glede over å vera ute i naturen

### Korleis

- Me legg til rette for turopplevingar med utgangspunkt i borna sine forutsetningar og interesser
- Me viser glede over å vera ute

### Sosial kompetanse

Me ønskjer at borna skal mestra turtaking

### Korleis

- Dei vaksne må vera til stades og hjelpa



# April



Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
	1	2	3	4
7	8 Gruppedag for stor avdeling	9	10 Gruppedag for stor avdeling	11
14 Gruppedag for stor avdeling	15 Gruppedag for stor og liten avdeling	16 Bhg stenger kl. 12.00!	17 Skjærtorsdag Bhg -stengt	18 Langfredag Bhg -stengt
21 <b>2. Påskedag</b> Bhg- stengt	22	23	24	25
28	29	30	1 1. Mai Offentleg høgtidsdag	2



# Mai



## Temamål: Oppleving, skaparglede og medverknad

Me har fokus på opplevingar av å klara nye ting med kroppen – motorisk utfaldelse

### Korleis

- Me øva på å balansere, hoppa, sykla, springa og gå i ulendt terrell
- Me snakkar om demokrati og 17. mai , me markerer 17. mai
- Me øver på å ferdast i trafikken

### **Verdimål**

#### Identitet og sjølvkjensle

Me ønskjer at borna skal kjenna eigne grenser og meistring

### Korleis

- Me snakkar om kva me vågar og kvifor noko er skummelt
- Me snakkar om det dei allereie er ,gjer og kan

### Kjensler

Me vil at borna skal gleda seg over eige mot og ny meistring

### Korleis

- Me støttar borna i å prøva nye ting
- Me anerkjenner og rosar at ein tør å prøva

### Sosial kompetanse

Me ønskjer at borna skal ta ansvar for å ordna opp etter seg- ut ifrå deira aldersnivå

### Korleis

- Me oppmodar borna til å rydde, legge på plass, henge opp og hjelpe til
- Me øver på å hjelpa andre



# Mai



Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
5	6 Gruppedag for stor avdeling	7	8 Gruppedag for stor avdeling	9
12	12	14	15	16 Markering av grunnlovsdagen 
19	20 Foreldre samtaler – liten avdeling	21	22	23 Fellessamling
26	27 Gruppedag for stor avdeling	28	29 Kristi himmelfartsdag	30 Planleggingsdag for personalet - Bhg Stengt



# Juni



## Temamål: oppleving, skaparglede og medverknad

Me har fokus på opplevingar av å klara nye ting med kroppen

### Korleis

- Me øva på å balansera, hoppa, sykla, springa og gå i ulendt terren
- Me har hinderløype
- Me forskar på natur, insekt og lydar
- Me har sommarfest, avslutting for førskulegruppa, sommaraktivitetar som vannspredar, lunsj ute, tur til sjøen


### **Verdimål**

#### Sosial kompetanse

Me vil at borna skal bli den beste utgåva av seg sjølv

### Korleis

- Varme grensesettande vaksne , som er til stades





# Juni



Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
2	3	4	5	6
			Gruppedag for stor avdeling	
9	10	11	12	13
2. Pinsedag Bhg - stengt	Hinderløype			→
10	11	12	13	14
Kultursti			Sommerfest	→
16	17	18	19	20
Vannleiker				→
23	24	25	26	27
Male aktiviteter				→

# Rammeplanens sju fagområda

1. Kommunikasjon, språk og tekst
2. Kropp, rørsle, mat og helse
3. Kunst, kultur og kreativitet
4. Natur, miljø og teknologi
5. Mengd, rom og form
6. Etikk, religion og filosofi
7. Nærmiljø og samfunn

[Rammeplan for barnehagen \(udir.no\)](http://udir.no)



# Dokumentasjon, evaluering og progresjon

## Dokumentasjon:

- Årsplan
- Dagbok ut til føresette
- Stafettlogg, når det blir nytta
- Foreldresamarbeid

## Dette skal evaluerast 2024/25

- Språkutvikling/lesing
- Gruppedeling og innhald
- Årsplan

## Korleis:

- Avdelingsmøte
- Personalmøte
- Pedagogmøter

## Progresjon:

Rammeplanen legg vekt på at barnehagen skal leggja til rette for progresjon gjennom val av innhald. Gjennom dei ulike temamåla og verdimål i årsplanen vil me sikra eit innhald som gjer progresjon utifrå alder og modning.

Gjennom jamleg evaluering av innhaldet, både felles og i gruppene vil me kunne justera ved behov for å sikra at den enkelte møter eit barnehagertilbod som samsvarer med kravet i rammeplanen.




## Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for born som treng ekstra støtte

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter behov og føresetnadar til borna, og når det enkelte born har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar.

I dei tilfella der barnehagen ut i frå eit fagleg perspektiv ser behov for at eit barn treng ekstra oppfølging eller kan ha nytte av spesialpedagogisk støtte, blir det innhenta samtykkje frå føresette, og tilbodet barnet får skal bli utforma i lag med føresette. Etne kommune nyttar stafettlogg som verktøy for å sikra føresette god medverknad, og sikker dokumentasjon.

Etne kommune si spesialpedagogiske gruppe deltar aktivt inn i barnehagane i kommunen med rettleiing, kompetanseheving og støtte til både enkelt barn og grupper.

I tillegg til den spesialpedagogiske gruppa, har barnehagen samarbeid med PPT og helsestasjonen.



# Foreldremedverknad

Me ynskje at de foreldre skal oppleva Skånevik barnehage som eit trygt sted å vera, med eit godt pedagogisk tilbod til borna. Eit nært og opent samarbeid med alle foreldre er ein føresetnad for det.

- Pedagogisk leiar har velkomstsamtale før/eller rett etter at barnet startar i barnehagen.
- Informasjon blir sendt på VISMA «min barnehage»
- Barnehagen har foreldremøte haust og vår
- Me har planlagde foreldresamtaler med refleksjon rundt barnet 2 gonger i løpet av barnehageåret. Det vil og vera mogleg å få samtaler så ofte som ein måtte ynskje, og styrer er og tilgjengeleg for slike samtaler.
- Brukarundersøking blir sendt ut kvart år
- Stafettlogg - verktøy for å sikra trygg og god medverknad

## FAU og SU

FAU og SU: foreldra sitt arbeidsutval (FAU) består av foreldre som blir valt inn på foreldremøte om hausten kvart år. FAU skal fremja felles interesse og bidra til eit godt samarbeid mellom foreldregruppa og barnehagen.

FAU fremjar saker på vegne av foreldregruppa i samarbeidsutvalet (SU).

SU består av 2 representant frå FAU, 2 frå personalet, politikar som representerer eigar, og styrar som leie og organisere møta.

SU skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ, og har blant anna som oppgåve å godkjenne årsplanen.

# Nyttig informasjon

## Planleggingsdagar for barnehageåret 2024/25

- 13 og 14. august 2024
- 18. november 2024
- 31. januar 2025
- 30. mai 2025

[Barnehageruta - Etne kommune](#)

SU/FAU

Leiar: Kjersti hansen  
Lene Røgelstad

For personalet:  
Heidi Ness  
Siri M Karstensen

Eigar representant:

- Me nyttar plattforma Minbarnehage til informasjon og kommunikasjon med foreldre. (Visma – Minbarnehage)
- Me legg ut bilete og beskjeder, de foreldre kan leggja inn fråvær.
- Me nyttar Dagbok til å leggja ut bilete frå ulike turar eller kjekke hendingar i barnehagen.
- Av omsyn til personvern legg me ikkje ut bilete der slik at ein kan identifisera barnet.

Årsplan godkjent  
Leiar for SU:

## Sommar stengt

- Barnehagen er stengt i vekene 29 og 30

Barn som skal sova i barnehagen, må ha med seg eigen barnevogn.  
Personalaet sitt vakt mens barna søv.

Alle skal bli



Etne skal vera ein trygg kommune for barn og unge å veksa opp i. Stundom kan ein likevel oppleva utfordringar og vanskar. Då er det ekstra viktig å bli sett (Bli Z) og møtt av andre. Det kan vera ein ven, forelder, nabo, personale i barnehagen eller skulen, trenaren, helsejukepleiar eller anna hjelpepersonell.

[Bli-Z – Betre tverrfagleg innsats for born og unge i Etne kommune \(betreinnsats.no\)](#)